



Nasjonalbiblioteket  
Postboks 2674 Solli  
0203 Oslo

Dykkar ref.:2021/83  
Vår ref.: 437-314TS

Hovdebygda, 17. august 2022

## Sluttrapport prosjektstøtte Lesedigdig

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur fekk i april 2021 eit tilskot på 300 000 kr i utviklingsmidlar til prosjektet «Lesedigdig – digital litteraturside for barn». Lesedigdig er i tråd med søknaden utvikla av Nynorsk kultursentrum, Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, seksjon for bibliotekutvikling i Vestland fylkeskommune og Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) ved Framtida Junior.

Lesedigdig er laga slik at innhaldet lett kan integrerast på nettsidene til folkebibliotek, skulebibliotek og andre nettstader. Nettstaden vil vere eit nyttig bidrag til biblioteka sitt formidlingsoppdrag for å nå ut til mange barn og unge mellom 7 og 13 år. Fleire barn, lærarar og bibliotekarar har kome med tilbakemeldingar undervegs i utviklingsprosessen. Lesedigdig blei lansert i juni 2022. Nettsida er i bruk her: <https://framtidajunior.no/lesedigdig-heim/> og [www.lesedigdig.no](http://www.lesedigdig.no).

### Prosjektleiing

Framtida Junior-redaktør Svein Olav Langåker har vore prosjektleiar for utviklingsarbeidet. Tone Slenes ved Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, har leia styringsgruppa for prosjektet. I styringsgruppa har elles desse vore med: Arild Torvund Olsen og Liv Astrid Skåre Langnes frå Nynorsksenteret, Anders Kalvatn frå Nynorsk kultursentrum og Astrid Sundset Moe og Siv M. Hatlem frå seksjon for bibliotekutvikling ved Vestland fylkeskommune.

Det har vore 11 styringsgruppemøte frå mai 2021 til april 2022. Her har me snakka om struktur, innhald og prosess for utviklinga, og det har blitt fordelt oppgåver mellom samarbeidspartnarane – og me har rapportert om framgang og vurdert ulike løysingar.

### Brukarmedverknad

Frå mai 2021 blei det etablert fleire referansegrupper med både skular, barn og bibliotek. Elevar frå 3.-4.klasse frå Langeland skule og 5.-6.-klasse frå Sagvåg skule har gjeve innspel både før utviklingsarbeidet starta og undervegs i prosessen. Første gong me snakka med elevane brukte me NABC-metoden (Needs Approach Benefit Competition) og brukte lang tid på å intervjuje elevane om interesser, lesing, korleis dei finn bøker og andre relevante

spørsmål. Seinare har både desse og andre elevar fått vere med på å teste og kome med tilbakemeldingar på Lesedigg undervegs. Barna har kome med svært nyttige og konkrete tilbakemeldingar. Både når det gjeld utforming, innhald og sortering og prioritering av kategoriar har barna fått påverka resultatet.

Me har òg brukt fleire bibliotek og skular i referansegruppene våre. Me har snakka med folkebiblioteka i Bømlø, Fitjar, Sunnfjord, Stord og Sveio. Me har òg snakka med rektor ved Sagvåg skule og skulebibliotekaren ved Langeland skule. Me har fått gode og positive innspel om behov – og nyttige tilbakemeldingar undervegs i prosessen. Sidan me brukte meir tid på brukarinvolvering og konseptutvikling i starten, måtte me vente med design og utviklingsarbeidet til etter sommaren 2021. Dette bidrog til at prosjektet blei noko forseinka.

### **Design**

Arbeid med design og brukaroppleving blei utført av Byrået Sydvest. Byrået vart valt fordi dei bidrog godt på design av Framtida Junior og Framtida.no, og fordi det er nyttig å ha eit designbyrå i nærleiken av prosjektleiar og referansegruppene.

Logo og uttrykket til Lesedigg vart først utvikla og tilpassa etter innspel frå referansegruppene og styringsgruppa. Mesteparten av jobben blei utført mellom august og oktober 2021. Etter planen skulle designarbeidet starte i mai-juni same året, men det blei vanskeleg å gjera dette før møta med referansegruppene og omfanget av prosjektet var tydeleg definert.

Seinare i prosessen blei byrået brukt til å gjera nokre justeringar etter behov. Emojiane som er brukt har open lisens.

Victoria Haalman Hamre blei valt som illustratør for vignettbildet til Lesedigg. Lesedigg er utvikla med responsiv design og er utforma etter krav om universell utforming.

### **Teknisk utvikling**

Den tekniske utviklinga er utført av DevTeam AS. Dei har vore leverandør av utviklingstenester for Framtida.no og Framtidajunior.no gjennom fleire år. Utviklingsarbeidet starta i oktober 2021, tre månader seinare enn først planlagt. Mykje var klart ved nyttår, men det var nokre justeringar som blei gjort etter nyttår etter at referansegruppene og styringsgruppa fekk testa sida i januar og februar 2022.

Mesteparten av utviklarane til DevTeam held til i Kharkiv i Ukraina. På slutten av prosjektet har krigen i Ukraina ført til forseinkingar. Men trass varierende tilgang til nett og alt anna krigen fører med seg, så har det heldigvis vore mogleg å gjennomføre prosjektet med dei same leverandørane. Lesedigg vart publisert på nettet våren 2022 men først formelt lansert i juni, då kvalitetssikringa og finpussen på søkefunksjonen var ferdig.

### **Innhald**

Flesteparten av bokomtalane er laga og tilrettelagt av Nynorsksenteret. Framtida Junior-redaksjonen har òg laga mange bokomtalar og bokmeldingar, og deska over alt innhaldet, inkl. bilde og illustrasjonar. I tillegg har me òg henta inn nokre bokmeldingar frå Pirion.no.

Framtida Junior har òg lyst ut ein konkurranse for barn der me har fått inn kring 100 bokmeldingar frå barn over heile Noreg. Mange av desse er publisert på Lesedigg. Me har òg fått inn bokmeldingar frå eit nettverk av unge bokmeldarar.

Aktivitetane er laga av Framtida Junior, Nynorsksenteret og Nynorsk kultursentrum. I tillegg presenterer Lesedigg dei siste nyhenda frå Framtida Junior.

### **Lansering og spreiking**

Lesedigg blei først lansert saman med referansegruppa på Stord og under Festspela i Aasentunet i Ørsta, saman med festspeldiktar Aina Basso og skulebarn. Me sende ut pressemelding og melding til biblioteka og Sommarles, og vil vidare halde fram med å lansere sida for skular og bibliotek. LNK har sendt ut brev med informasjon om Lesedigg og bokmerke til bibliotek i 50 kommunar så langt. Dei resterande 35 nynorsk kommunane får tilsendt pakkar snart. Dei nynorske pilotbiblioteka som Nynorsk kultursentrum samarbeider med i Rogaland, Vestland, Viken og Innlandet har også blitt oppmoda om å lansere sida for sitt publikum og nytte den aktivt i formidlingsarbeidet.

Lesedigg er fritt tilgjengeleg som *iframe* og kjem også som rss-straum, slik at folkebiblioteka, skulebiblioteka og andre enkelt kan integrere tenesta på nettsidene sine.

### **Vidare drift og utvikling**

LNK v/Framtida Junior har fått ansvaret for å drifte og utvikle Lesedigg vidare. Alle samarbeidspartnarane vil levere innhald til Lesedigg, både når det gjeld bokomtalar, bokmeldingar og aktivitetar. Blant anna vil me samla tips og råd i ein skaparverkstad med aktivitetar som til dømes skrivekonkurransar, teikneseriekurs, animasjonskurs og skrivetips frå forfattarar.

Seinare ønskjer me å knyta innhaldet på Lesedigg til boksøk i kvart enkeltbibliotek. Det er òg aktuelt å laga ein podkast med barn og unge om bøker – og knyta dei eksisterande *Bakom boka* frå Nynorsksenteret og Nynorsk no frå Nynorsk kultursentrum. Framtida Junior har òg laga eit opplegg for bokbad som skal spreiest gjennom Lesedigg. Me ønskjer òg å laga til opplegg for boksirklar for barn som lett kan brukast av skulebibliotek og folkebibliotek.

I slutten av juni 2022 fekk LNK v/ Framtida Junior melding frå Bergesenstiftelsen om at dei vil støtte prosjektet vidare med 125 000 kroner. Pengane skal gå til:

- Bokmeldingar: Produksjon av bokmeldingar av nye bøker for barn og unge.
- Bokomtalar: Produksjon av bokomtalar av nye bøker for barn og unge.
- Skaparverkstad med digitale aktivitetar som skrivekonkurransar, teikneseriekurs, bokmeldingskurs, animasjonskurs, og skrivetips frå forfattarar.
- Kurs i bokmelding for barn og unge: Arrangera minst seks fysiske kurs i bokmelding og boksamtale for mellomtrinnet og ungdomstrinnet.
- Utarbeiding av opplegg for bokbad og boksirklar for barn som lett kan brukast av skulebibliotek og folkebibliotek.
- Aktivitet i sosiale medium

Nynorsk kultursentrum vil kalle inn styringsgruppa til to årlege digitale møte i perioden 2022-2026.

### **Budsjett og rekneskap**

Nynorsk kultursentrum er prosjektsøkjar og har ansvar for rapporteringa.

Sidan LNK v/Framtida Junior har leia utvikling- og designarbeidet, overførte Nynorsk kultursentrum hausten 2021 til saman 265 000 kr til betaling av direkte utgifter.

Samarbeidsinstitusjonane har bidrege med ein stor eigenandel i form av arbeidsinnsats til prosjektleiing, kvalitetssikring og redaksjonelle kostnader med redigering og publisering av bokomtalar, bokmeldingar og intervju.

Heile tilskottet er nytta utan store avvik og vi takkar for støtta frå Nasjonalbiblioteket.

Rekneskapsrapporten er vedlagt.

Med venleg helsing

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur



Tone Slenes

avdelingsleiar nynorsk skriftkultur

Telefon 91 51 88 22

E-post [tone.slenes@nynorsk.no](mailto:tone.slenes@nynorsk.no)

Vedlegg: Rekneskapsrapport

# Lesedigg: Digital litteraturside for barn

## Rekneskap

Inntekter	Budsjett	Rekneskap
Tilskot frå Nasjonalbiblioteket	350 000	300 000
Eigendel	250 000	295 000
<b>Sum</b>	<b>600 000</b>	<b>595 000</b>
<b>Utgifter</b>		
<i>Innhaldsutvikling</i>	<i>340 000</i>	<i>330 000</i>
Møte m referansegruppe	5 000	10 000
Personalkostnader	110 000	120 000
Eiga tilrettelegging av innhald	200 000	170 000
Prosjektleiing	25 000	30 000
<i>Teknisk utvikling</i>	<i>260 000</i>	<i>265 000</i>
Design og UX-utvikling	45 000	53 500
Back-end-utvikling	105 000	102 008
Front-end-utvikling	75 000	31 345
Lisensar og serverleige	10 000	19 000
Prosjektleiing	25 000	59 147
<b>Sum</b>	<b>600 000</b>	<b>595 000</b>
<b>Resultat</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Ørsta 17.8.2022

Prosjektleiar Tone Slenes

*Tone Slenes*